

«Musikkdokumentarfilmen er meir vital og nyskapande enn nokon gong.

Øyvind Vågnes



Björk kjem med ny konsertfilm i haust. Foto frå filmen

FEM FERSKE MUSIKK-FILMAR

Fem musikkfilmar det kan vere vel verdt å få med seg framover:

Det er visstnok ein heilt uvanleg konsertfilm **Björk** kjem med over sommaren, for i *Biophilia Live* vert det gjort bruk av både animasjonssekvensar og naturfilm og vitskapsfilm. Korleis vert det sjåande ut, skal tru?

Beautiful Noise, ein ny film om **My Bloody Valentine**, **The Cocteau Twins** og **The Jesus and Mary Chain**, hadde premiere på ein dokumentarfilmfestival i Sheffield for ein månad sidan, og ifølgje rykta dreier det seg om ein umisteleg film for dei som har lytta til banda opp gjennom åra.

Og så er det *Heaven Adores You*, filmen om **Elliott Smith**, den eksepsjonelt talentfulle artisten som stakk ein kniv i brystet og døydde, og bad Gud om tilgiving på ein post-it-lapp, den gongen i 2003.



Nick Cave med Kylie Minogue i baksetet. Foto frå filmen

Filmen gjer eit forsøk på å bringe oss nærare artisten, og teamet har fått tilgang til skuffene til Smith, der dei har funne nokre bortgøymde songar.

Pulp: A Film About Life, Death & Supermarkets, regissert av **Florian Habicht**, har allereie vore vist i Storbritannia, og han viser oss korleis kvardagen til bandet og frontmann Jarvis Cocker ser ut.

Dei høgaste forventingane har eg likevel til filmen om **Nick Cave**, Jane Pollard og Ian Forsyths *20.000 Days on Earth*, som visstnok skal vere utprøvande i forma og sjangeroverskridande. Filmen blandar grep frå dokumentar- og fiksjonsfilm, og liknar ifølgje rykta på ein David Lynch-film der Cave er med på å setje i scene scener frå eige liv.

ØYVIND VÅGNES




Gitarist Viktor Wilhelmsen har mykje av æra for at plata *Null* er verd å høyre på. Foto: www.viktorwilhelmsen.com

Rock med 70-talsrøter

Gitarist Viktor Wilhelmsen er rosina i pølsa.

JAZZ



NULL:
Null

VIKTOR WILHELMSEN, GITAR; AKSEL JENSEN, BASS;

STIAN LUNDBERG, TROMMER.
JUST FOR THE RECORDS JFR 703

Null og The Sticks (meldt i førre utgåve av Dag og Tid) illustrerer sjangerspennet hjå dette plateselskapet. Samstundes fortel det også om eit tilsvarande spenn i bassist Aksel Jensens musikalske orientering.

Ifølgje pressemeldinga oppstod trioen i eit felles ynske om å spekulera i kva som kunne ha skjedd om den planlagde innspelinga med Jimi Hendrix og Miles Davis hadde funne stad.

RETTELEG BRA

Musikken er til tider retteleg bra, men utgangspunktet er meir originalt enn resultatet. *Null* føyer seg inn i rekkja av gitar-/tangenttrioar som opererer i grenselandet mellom rock og jazz som til tider *Bushman's Revenge*, *Elephant9* og *Astro Sonic*.

Alle seks låtane står fram med klar identitet. Sjølv om improvisasjon har ein sentral plass, så er det heile vegen med eit ankerfeste i tema. Dei har sterk tru på dei musikalske ideane sine, lèt dei få rom å pusta i og tid til å utvikla seg.

MELODISKE INNFALL

Tydelegast kjem dette til uttrykk i den langsame «Rust». I hendene på ein mindre interessant gitarist enn Wilhelmsen kunne dette fort blitt keisamt, men han krydrar låten med ein serie melodiske innfall som han knytter saman på svært elegant vis.

På «Adult Contemporary Music» hiv Wilhelmsen seg over elektronikken, medan Jensen og Lundberg byggjer opp intensiteten gjennom ein vedvarande groove.

Null er først og fremst ein kollektiv manifestasjon, men mykje av æra for at denne plata er så pass høyrverdig, skal gitarist Viktor Wilhelmsen ha.

LARS MOSSEFINN

Lars Mossefinn er frilans kulturarbeidar og fast jazzmeldar i Dag og Tid.

Melodiøst maskingeværkuleregn

Den nyaste plata til Mayhem er eit smaksrikt måltid som krev tilvenning.

METAL



MAYHEM:
Esoteric Warfare

SEASON OF MIST

Det norske black metal-bandet Mayhem har ei grim historie bak seg som få musikkensemble kan matche, spekka med personskader hos konsertpublikum som følgje av flygande sauehovud, sjølv-mord, kraniesmykke, politisk ekstremisme, mord og andre mysterium. Samstundes er det eit tonegivande band innan sin atonale sjanger, som stadig maktar å fornye sitt eige uttrykk.

Opplevinga av å lytte til *Esoteric Warfare* kjennest som å bli peptra med eit musikalsk maskingeværkuleregn som vekslar mellom ymse høggrir på matematisk utspekulert vis, eit ordna kaos som stundom blir avløyst av seige, draumeaktige passasjar. Komposisjonane byggjer

på metriske modulasjonar, intrikate temposkift og odde takter, ein rytmisk virvelvind som blir meisterleg aksentuert av trommeslagaren som kallar seg Hellhammer. Det er forunderleg korleis dei dissonerande gitarane puslar saman forskrudde akkordar til noko melodiøst, medan Attila Csihar målar eit dystert lyrisk univers inspirert av science fiction, okkultisme, teknologisk nyvinning og konspirasjonsteori med brøl, grynt, messing og strupesong.

Plata er såpass kompleks og uortodoks i komposisjonen at det skal ein handfull gjennomlyttingar til før ein klarar å følgje med på det som går føre seg. Men når ein kjem inn under huden på musikken, openberrar det seg eit kjøttfullt og næringsrikt sonisk herremåltid, og i likskap med mykje anna godt lyt ein venne seg til smaken.

RASMUS HUNGNES

Rasmus Hungnes er musikal og fast platemeldar for Dag og Tid.



Mayhem er eit tonegivande band i sin atonale sjanger. Foto: Wikipedia